

Årsmelding
2 0 0 0



SIM



Innhold

Tiåring med nye utfordringar	3
SIM fram til i dag	4
Føremålet med selskapet.	5
Organisering	5
Styret si årsmelding.	8
Avfallsmengder	11
Attvinning.	13
Avfallsgebyr	14
Rekneskap	15

Fakta om SIM

Eigarkommunar: Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes

Innbyggjarar: 55,129

Abonnentar: Vanlege: 21988 Hytter: 5022

Heimekomposterer: 4654

Kg per innbyggjar 2000: 308

I redaksjonen: Kari Rydland
Foto for- og bakside: Jan Rabben.
Framsida: Blåmeis/Baksida: Kjøttmeis
Grafisk produksjon: Sunnhordland
Opplag: 800
Trykt på resirkulert papir: 120 gr RC pigmentert, omslaget er Ocean 210 gr
Redaksjonen avslutta 19.mars 2001.

Tiåring med nye utfordringar

2. mai 2000 var selskapet 10 år! Når me tek eit tilbakeblikk på denne perioden, ser me straks at avfallet blir handsama svært annleis i dag ein då selskapet vart stifta. SIM har lagt seg i selen for å fylgja opp dei stadig strengare krava frå styresmaktene, noko som har ført til store investeringar, krav til sortering av avfallet og ei oppgradering av slutthandsamingsanlegget. Sjølv om kundane i denne perioden har fått meirarbeid med sortering av avfallet, og den nye avfallsordninga har ført til auka driftskostnader, meiner dei aller fleste at dette har vore nødvendige tiltak.

I 2000 leverte kundane om lag same mengd avfall, og attvinningsprosenten var også om lag den same som året før. Dersom me skal klara å auka gjenvinningsgraden monaleg, må selskapet også starta energigjenvinning av restavfallet. Selskapet vurderer dette og andre tiltak for å møta krava i framtida.

Tysnes miljøsentral var siste mann ut og vart rusta opp i løpet av året. Avfallsmengdene som kjem inn på miljøsentralane, veks framleis og utgjer no om lag 20 % av forbruksavfallet.

Det var ei stor hending då selskapet kunne ta i bruk den nye komposthallen i mai. Arbeidsmiljøet er her vesentleg betre enn i det gamle anlegget, og faren for ulemper i nærmiljøet er redusert.

Etter at leveransane frå BiR vart avslutta hausten –99, er aktivitetsnivået blitt redusert, og i året som har gått har det skjedd ei tilpassing til den nye situasjonen. Talet på tilsette er redusert, og utstyr er avhenda.

Samstundes som avfallsområdet med jamne mellomrom får nye krav, står me føre ei stadig aukande deregulering. Dette fører i aller høgste grad til nye utfordringar for selskapet framover. Skal kundane få eit godt tilbod hjå oss, må selskapet klara å tilpassa seg dei nye rammevilkårer, og driva slik at me kan halda på dei stordriftsfordelane me har i dag.

Eg vil nytta høvet til å takka tilsette og samarbeidspartnarar for den stå - på - vilja som er vist i året som gjekk.



Med helsing



Terje Gilje
dagleg leiar

SIM fram til i dag

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA (SIM) er ei moderne avfalls- og attvinningsverksemd med hovudanlegg i Svartasmoget i Fitjar kommune. Selskapet vart stifta i mai 1990 og er eigd av kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes.

I 1997 skipa SIM det heileigde dotterselskapet SIM Næring AS. Selskapet skal ta seg av avfallet frå industri og næringsliv og andre oppgåver som er utsette for konkurranse.

SIM er ansvarleg for innsamling av alt forbruksavfall og slam frå dei 55.000 innbyggjarane og 15.- 20.000 hyttebrukarane i regionen. Det er innført kjeldesortering i alle medlemskommunane med sortering i dunkar for bio-, papir- og restavfall.

Det er bygd miljøsentralar som innbyggjarane i alle kommunane kan gjera seg nytte av. I tillegg er det ein del bringepunkt for mottak av glas og hermetikkboksar. Det er lagt opp til at hushaldningane kan sortera ut spesialavfall, EE-avfall, kuldemøblar, trevirke, metall, plast, hageavfall m.m. Dette må abonnentane sjølve levera til miljøsentralane.

SIM har fellesanlegg i Svartasmoget, som inneheld administrasjonsbygg, deponi, miljøsentral og hall og utstyr for kompostering av våtorganisk avfall. Her er og anlegg for mottak og handsaming av avlaupsslam.

SIM legg stor vekt på førebyggjande tiltak for å redusera ulempene med miljøforureining av luft, vatn og næringsområde, og vil arbeida for å oppfylle nye miljøkrav og utnytta ressursane i avfallet.

- Miljøsentralar
- Hovudanlegg
- SIM Næring AS, sorteringsanlegg for næringsavfall



Føremålet med selskapet

I paragraf 2 i vedtektene heiter det at føremålet med selskapet er:

1. Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane.
2. Bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall.
3. Selskapet skal byggja og driva innsamlingssystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomlagring og vidaresending av spesialavfall og avfall som kan gjenninnast, resirkulerast eller må sendast vidare for destruksjon eller gjenvinning.
4. Selskapet skal leggja særleg vekt på miljøvenleg drift av alle ledd i avfallsbehandlinga. Selskapet skal vidare i nært samarbeid med kommunane informera publikum og næringsdrivande om drifta i selskapet. Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggja vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege avfallsbehandlingsmetodar.
5. Selskapet skal der dette er naturleg, søkja å etablera samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap med tanke på å få til rasjonelle og miljøretta løysingar t.d. når det gjeld gjenvinning.

Organisering

Representantskapet er det øvste organet i selskapet. Kommunane vel medlemmer til representantskapet, og representantskapet vel styret.


Dagleg leiar, administrasjonen og driftspersonellet står for den daglege drifta. (figur)

SIM Næring AS er eit heileigd dotterselskap til SIM og har eiga generalforsamling, eige styre og dagleg leiar.

4.1 Representantskap

Folketalet avgjer kor mange medlemmer kvar kommune har i representantskapet.

Kommunestyra i medlemskommunane vel medlemmer og personlege varamedlemmer til representantskapet for fire år om gongen, i samsvar med den kommunale valbolken.



Dei 23 medlemmene er fordelte slik: Austevoll 2, Bømlo 4, Fitjar 2, Kvinnherad 5, Stord 6, Sveio 2 og Tysnes 2.

Representantskapet har hatt eitt møte i 2000 (april) og handsama 11 saker.

Organisering

4.2 Styre

Det er ein styremedlem frå kvar kommune, med personleg varamedlem. Styremedlemene vert valde for to år om gongen, likevel slik at halvparten står på val kvart år. I tillegg er det ein representant frå dei tilsette. Det er representantskapet som vel styremedlemene.

Kommune	Styremedlem	Varamedlem
Austevoll	Olav P. Årland	Bjørn Wefring
Bømlo	Martin Laurhammer(styreleiar)	Eli Furnes
Fitjar	Bjørn Haaland	Anne Line Innvær Olsen
Kvinnherad	Ove Lemicka(nestleiar)	Arve Opsanger
Stord	Else Berit Helle	Jarle Nakken
Sveio	Jens Aksdal	Olav Haugen
Tysnes	Asle Bernt Rekve	Nils Eivind Hansen
SIM	Kjell Egil Hollund	Sverre Sæterbø

Desse sat i styret ved utgangen av året.
Styret hadde 8 møte i 2000 og handsama 37 saker.



*Martin Laurhammer
(t.o.m. jan. 2001)*



Ove Lemica



Bjørn Haaland



*Eli Furnes
(f.o.m feb. 2001)*



Else-Berit Helle



Kjell Egil Hollund



Olav P. Årland




Jens Aksdal



Asle Bernt Rekve

Organisering

4.3 Tilsette



Svartasmoget:

På bildet ser me administrasjonsbygget og vekta, med lager for m.a. spesialavfall i bakgrunnen.



Styret si årsmelding

Driftsaktivitet

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA driv med kommunal renovasjon og slutthandsaming av avfall.

I år 2000 fall mengda med avfall til deponi med 67 prosent, eller om lag 55.000 tonn. Selskapet er no tilbake på eit aktivitetsnivå på høgde med det som var før perioden med deponering av restavfall frå BiR starta.

Økonomi

Etter styret si meining er føresetnadene for å driva vidare, til stades.

Året vart prega av at selskapet gjennomførte tunge investeringar. Totalt vart det investert 9,2 millionar kroner, med miljøsentral (3,5 mill.), sigevassleidning (1,25 mill) og ny komposthall (1,3 mill.) som dei største postane.

Overskotet vart ca 4,2 millionar kroner. Omsetninga enda på 44 millionar kroner.

Selskapet byrja i 1999 arbeidet med overgangen frå saldo til lineær avskrivning. Dermed blir biletet av verdiane i selskapet meir reelt. Endringa utløyste og ekstraordinære avskrivningar på 2,3 millionar kroner i 2000.

Selskapet hadde 1,3 millionar kroner i underskot på den kommunale renovasjonen. Dei økonomiske resultat i årsmeldinga syner at føresetnadene for å halda fram med drifta, er til stades.

Disposisjon av overskot

Overskotet på 4,2 mill. vart i sin heilskap brukt til å styrkja eigenkapitalen.

Skattesak

Selskapet har ei uavklara skattesak. Varsel om skatteplikt for selskapet vart første gong varsla av Fitjar likningskontor i 1996.

Arbeidsmiljø og personalendringar

Selskapet hadde ved utgangen av året 15 tilsette.

Sjukefråveret var i 2000 på 2,5 prosent. Det har ikkje vore skadar med fråver.

Slutthandsamingsavgift

Selskapet vart frå 1999 pålagt av staten å krevja inn avgift på alt avfall som gjekk til deponi. Avgifta var i 2000 på 376 kroner inkl. mva. per tonn, og totalt utgjorde dette ein ekstra kostnad for selskapet på over 10 millionar kroner inkl. mva.

Liten auke i avfallsmengda

Hentefraksjonane (rest, bio, papir, glas/metall) for 2000 har auka med 1,48 % samanlikna med 1999. Totalt auka hushaldsavfallet levert til SIM med 2,8 %. Innbyggartalet i SIM-kommunane har auka med 0.57%, og talet på abonnemantar hadde ei auke på 1,52% frå 1999-2000. I alt leverte kvar innbyggjar i kommunane 308 kg avfall. Attvinningsprosenten var 46,6, omlag det same som året før.

Opprusting av miljøsentralane

Tysnes miljøsentral vart rusta opp i året som gjekk. Arbeidet var ferdig rett før året var omme.

I alt har arbeidet med å rusta opp dei seks miljøsentralane kosta selskapet fleire titals millionar kroner. Satsinga har vore ein del av styret sin strategi for å auka mengda med avfall som vert sortert ut for attvinning og for å motverka ulovleg deponering.

Styret si årsmelding

Komposthall

Våren 2000 kunne selskapet ta i bruk den nye komposthallen i Svartasmoget. Målet med hallen var å betra arbeidsmiljøet for dei som arbeider med komposteringa, få betre kontroll med sjølve prosessen og redusera luktulempene.



Kompostering av matavfall går no føre seg under tak.

Naboundersøking

På vegner av SIM gjennomførte konsultentselskapet ICG ei driftsevaluering av Svartasmoget avfallsanlegg. Ein del av denne evalueringa var ei spørjeundersøking føreteke blant naboane til fyllplassen for å avdekkja eventuelle ulemper dei måtte ha. På bakgrunn av dei svara som kom inn, ser det ut til at plager i form av lukt, fugl og støy generelt sett er blitt reduserte i år 2000 samanlikna med 1999. Støy er berre registrert ein gong, medan fugleplage er registrert hjå tre naboar i løpet av perioden. Ein del naboar har framleis luktplager, men no i eit meir avgrensa område nordvest for fyllplassen. 23 naboar deltok i undersøkinga (svarprosenten gjekk dermed ned frå 18 % til 13,5 % samanlikna med 1999), og resultatata vart presenterte for dei på eit fellesmøte. Undersøkinga har vore ein del av selskapet sitt arbeid med å redusera ulempene ved drifta.

Sigevatn

Leidningen som låg ute i Stokksundet, vart skifta ut i 1999 og ligg no om lag 800 meter frå stranda og på ca. 70 meters djupne. I 2000 blei det lagt ein ny leidning i boreholet gjennom fjellet, med større diameter enn den førre. Til slutt vart leidningen mellom fangdam og målekum bytt ut, og sjølve målekummen blei oppgradert. Resultatet er at kapasiteten på anlegget med dette er om lag dobla.

Sigevatnet vert overvaka og analysert, og det vert teke prøver av grunnvatnet og bekken under deponiet. SIM tek prøver av

sigevatnet tolv gonger i året, og desse vert sende til akkreditert laboratorium. Prøvene vert analyserte for i alt 13 parametrar, m.a. bakterieinnhald, ph-verdi og innhald av næringssalt og tungmetall (sjå tabell side 25).


Anna miljøovervaking

Gassen vert sogen ut av fyllplassen og brent i fakkell. Dermed vert metangassen omforma til den mindre skadelege gassen CO₂.

Selskapet har og program for å halda skadedyr borte frå fyllplassen, og uønskte fuglar vert freista haldne borte ved hjelp av måsenett og andre tiltak. I tillegg vert flygeavfall og anna avfall jamleg rydda bort frå nærområdet.

På fyllplassen vert det berre jobba på eit avgrensa området om gongen, og dette vert kvar veke dekt til med kalk.

I gasshuset vert det kvar time brent 150 m³ i fakkell.



5 Styret si årsmelding

Hytterrenovasjon

Ordninga for hytterrenovasjon er under kontinuerleg utvikling. I året som gjekk, vart det utplassert hyttetun i Austevoll og Kvinnherad. I tuna er det dunk for restavfall og papiravfall. Tuna vert merkte med gards- og bruksnummer etter kvart som dei vert sette opp. Hytteabonnentar som bur nær henteruta, kan setja ut dunk for restavfall ved vegen.



Slamtøming

I 2000 vart det utført tøming av slamavskiljarar for hytter og heilårsbustader i Austevoll, og heilårsbustader i Fitjar og Tysnes.

Informasjon

I 2000 fekk informasjonen eit stort løft ved at selskapet kom på internett

(www.sim.as). Føremålet med å utvikla nettsider var i hovudsak å betra servicen og tilbodet til abonnentane og på sikt vonleg få mindre pågang på sentralbord/resepsjon.

Alle abonnentar mottok i 2000 fem utgåver av informasjonsbladet SIM-nytt, medan eit nummer også vart sendt til hytteeigarar. I tillegg vart det laga årsmelding, historisk hefte og tømekalender.

Det kom ut 18 utgåver av det interne informasjonsskrivet Stuttnytt i 2000, som går til alle tilsette og styra i konsernet.

Framtida

Selskapet står føre store og spanande utfordringar i åra som kjem. I følgje dei to siste st.meldingane om rikets miljøtilstand, vil rammevilkåra frå styresmaktene verta endra i næraste framtid når det gjeld renovasjon og avfallshandsaming. I praksis vil det seia at omlag 30% av det avfallet som kommunane i dag har "rett på", vil bli konkurranseutsett. I tillegg vil dei stadig meir omfattande nasjonale returordningane føra til at det vert vanskeleg å gje eit godt oversyn over avfallsstraumane i SIM-området. Ny konsesjon til drift av Svartasmoget er også i vente.

Me meiner at selskapet er godt budd på å møte desse utfordringane og i stand til å tilpassa seg endringar i rammevilkåra. For å klara dette må ein søkja samarbeid/aliansar med andre avfallsaktørar.

Ove Lemica

Ove Lemica

Terje Gilje
Terje Gilje

Eli Furnes
Eli Furnes

Olav P. Årland
Olav P. Årland

Jens Aksdal
Jens Aksdal

Kjell Egil Hollund
Kjell Egil Hollund

Else Berit Helle
Else Berit Helle

Bjørn Haaland
Bjørn Haaland

Asle Bernt Rekve
Asle Bernt Rekve


6 Avfallsmengder

For SIM-kommunane er mengdene med hushaldsavfall auka med 2,8 % sidan 1999, medan det for næringsavfall var ein liten nedgang.

I statistikken for 1999 og 2000 er det berre teke med avfall som SIM mottok for handsaming, og tala er justerte for mest mogleg korrekt deling av avfallet i hushald og næring. Dei stadig meir omfattande returordningane gjer det vanskelegare å presentera gode statistikkar for t.d. kuldemøblar, EE-avfall, bildekk, batteri og panteordningar for boksar og flasker.


I alt mottok SIM 17.005 tonn med hushaldsavfall frå SIM-kommunane, mot 16.541 tonn i 1999. Av dette gjekk 46,6 % til attvinning (46% i 1999).

Når det gjeld hentefraksjonane rest-, bio- og papiravfall, og me i tillegg tek med glas/hermetikkboksar, er det ein auke på 1,48 % i høve til 1999. Restavfallet har auka med 2,2 %, papirmengda har auka med 1,51 %, våtorganisk har auka med 0,49 %, medan mengda på glas/hermetikk gjekk ned med 6 %.




Prognosane for mengd til deponi i 2000, var på 25.000 tonn. Resultatet viser at det blei deponert vel 27.000 tonn i Svartasmoget i fjor.

Mengder til deponi (i tonn):



Avfall henta heime hos folk:




Ved å plussa på glas, får me følgjande tal per kommune samanlikna med 1999 (prosentvis endring):

6 Avfallsmengder

Samla avfallsmengder (i tonn):

1. Hushaldsavfall SIM (til deponi):	9.077
2. Hushaldsavfall SIM til attvinning:	7.928
3. Næringsavfall SIM (til deponi):	10.183
4. Næringsavfall SIM til attvinning:	3.226
5. Hushald andre kommunar:	182
6. Næringsavfall andre kommunar:	7.904
7. Slam (attvinning):	2.755

Til saman: 41.255



Note: Berre medrekna avfall som SIM tek hand om, men inkl. heimekompostering. Tala omfattar ikkje t.d. bilvrak, avfall som vert samla inn gjennom nasjonale returordningar (EE-avfall, kuldemøblar, bildekk, batteri og panteordningar for boksar og flasker) og næringsavfall som skrapjern, plast, papp og ensilasje frå fiskeindustrien.

Det vert til ein kvar tid berre arbeida med eit avgrensa område av deponiet (ei celle).



7 Attvinning

Me har tre typar attvinning:

Ombruk – dette er gjenstandar som nokon kastar, men som andre kan gjera bruk av m.a. ved enkle reparasjonar. Døme er sykklar, møblar, sportsutstyr, kvite- og brunevarer.

Materialattvinning – når avfall vert brukt som råstoff i produksjonen av nye varer. Eit døme er når glas vert brukt til isolasjon, til nye flasker eller glas, eller som råstoff i Glava-matter.


Energiattvinning – når avfallet vert brukt som energikjelde, t.d. når ein brukar tre eller papir til oppvarming.

I 2000 gjekk 46,6 prosent av hushaldsavfallet SIM mottok frå medlemskommunane, til attvinning; dette er det same som for dei to føregåande åra. Unnateke dette talet er avfall samla inn gjennom dei landsomfattande returordningane der SIM ikkje har

tilgjengeleg statistikk for det avfallet som oppstår i regionen. Dette gjeld m.a. kuldemøblar, EE-avfall, bildekk, batteri og panteordningar for boksar og flasker.

90 prosent av det våtorganiske avfallet gjekk i 2000 til attvinning.

Hushaldsavfall til attvinning (i tonn):




Note: Berre medrekna avfall som vert samla inn på oppdrag for oss, og unnateke avfall samla inn gjennom nasjonale returordningar.

Heimekompostering

21 prosent av abonnentane komposterer bioavfallet sitt heime, og dette talet har halde seg stabilt dei siste fire åra. Biletet vert meir nyansert dersom me samanliknar kommunane. Austevoll ligg på botnen med 13,8 prosent, og Sveio er beste

komposteringskommune med 29,5 prosent. Abonnentar som komposterer heime, slepp m.a. å betala for biodunk og bioposar, dei produserer sitt eige jordforbetningsmiddel til bruk i hage m.m., og dei treng ikkje reingjera og setja ut biodunken.



8 Avfallsgebyr

Gebyrsystemet

Måla for gebyrordninga er å få mindre avfall, meir attvinning, meir effektiv drift og gjera folk medvitne om avfallet.

Abonnentane kan m.a. spara gebyr ved:

- å laga mindre avfall slik at ein treng mindre dunkar og sjeldnare henting
- å heimekompostera våtorganisk avfall
- at fleire abonnentar går saman om å dela dunkar (naboar eller burettslag)

Kva er gebyra?

Det er eit krav om av avfallsgebyra skal dekkja alle kostnadene med renovasjon i kommunen, både utgiftene til SIM og eigen kommunal administrasjon. Det er kommunestyret i kvar av kommunane som fastset gebyra i sin kommune. Alle abonnentar må betala eit grunngebyr. Dette er den delen av kostnadene knytt til

renovasjon som ikkje vert dekte av dunkgebyra. Eksempel på slike kostnader er felleskostnader, kommunale eigenkostnader og ymse tilbod om attvinning. Grunngebyret varierer mellom kommunane.


I tillegg kjem eit gebyr for kvar av dei tre avfallsfraksjonane som vert henta. Desse varierer etter dunkstorleik og hentefrekvens. Målsetjinga for selskapet er at satsane skal vera like i kommunane.

Eit gjennomsnittsabonnement syner kva abonnentane faktisk betalar og er korrigert for dei val abonnentane gjer når det gjeld storleik på dunkane, om dei komposterer heime eller om dei deler dunk. Den gjennomsnittlege abonnenten til SIM vil i 2001 betala 1.847 kroner inkl. mva. i renovasjonsgebyr.


Medlemskommunane betalar SIM for leverte avfallsmengder, i tillegg til ei avgift for kvar abonnent. For 2001 gjeld følgjande gebyr (tal ekls. mva):

Vektgebyr	1133 kr./tonn
Abonnentgebyr tredunksystem	600 kr./abonnt
Fakturering abonnentar (for kommunar som har overført oppgåva til SIM)	27 kr./abonnt
Sakshandsaming (for kommunar som har overført oppgåva til SIM)	27 kr./abonnt

Fordeling av kostnadene knytt til den kommunale renovasjonen:




1. Innsamling:	34%	4. Miljøsentralar:	13%
2. Attvinning:	8%	5. Administrasjon:	6%
3. Restavfall/deponi:	3%	6. Avgifter til staten:	22%
		7. Komm. eigenkostnader	14%



9 Rekneskap

Kvar kjem inntektene frå?

Fordeling av inntekter for 2000
(alle summar i tusen kr.)



1	Mottak forbruksavfall SIM-kommunar	27 952
2	Mottak produksjonsavfall	7 396
3	Slam medlemskommunar	4 521
4	Renteinntekter	2 726
5	Andre inntekter	1 766
6	Miljøsentralar	748
7	Slam andre kommunar	518
8	Leige inntekter	1 319
9	Gevinst ved sal av annleggsmiddlar	902
10	Avgift andre kommunar	95
11	Tilskot	10


Til saman 47 952

Kva går kostnadene til?

Fordeling av kostnader for 2000 (alle
summar i 1000 kr.):

1	Transport	11 451
2	Fyllplass	6 593
3	Slam	3 905
4	Administrasjon	4 301
5	Andre kostnader med kommunal renovasjon	7 903
6	Miljøsentralar	6 548
7	Kompostering	1 864
8	Produksjonsavfall	1 180

Til saman: 43 746



Bosbil med den karakteristiske SIM-rosa, som er det bærande element i selskapet sin grafiske profil.

Rekneskap - Balanse

<i>Eigenluter</i>	<i>Notar</i>	<i>2000</i>	<i>1999</i>
Anleggsmidler			
<i>Varige driftsmiddel</i>			
Tomtar	4	201 647	3 397 133
Maskinar og anlegg	4	45 464 037	46 834 229
Inventar og kontorutstyr	4	529 395	513 284
<i>Sum varige driftsmiddel</i>		<i>46 195 080</i>	<i>50 744 646</i>
<i>Finansielle anleggsmiddel</i>			
Aksjer i dotterselskap	13	2 200 000	200 000
Andre aksjar	13	33 000	33 000
Markedsbaserte aksjar	1,14	50 000 000	-
Forskottering vegar	12	18 869 472	8 669 472
<i>Sum finansielle anleggsmiddel</i>		<i>71 102 472</i>	<i>8 902 472</i>
Omlaupsmiddel			
Kundekrav	2	3 068 229	7 164 922
Krav på konsernselskap	2	1 575 806	1 254 260
Andre kortsiktige krav	2	5 800	-8 936
<i>sum krav</i>		<i>4 649 835</i>	<i>8 410 246</i>
Kontantar, bank		9 800 802	57 697 017
Sum omlaupsmidler		14 450 637	66 107 263
SUM EIGNELUTAR		131 748 189	125 754 381
Gjeld og egenkapital			
Eigenkapital			
Innskote egenkapital			
Selskapskapital	9	173 030	173 030
Opptent egenkapital			
Anna egenkapital	8	123 799 640	119 593 340
Sum egenkapital		123 972 670	119 766 370
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		5 657 466	4 543 636
Skuldig til konsernselskap		320 804	89 200
Skattetrekk, arb.gj.avg. feriep., mva.		1 159 662	1 355 175
Anna kortsiktig gjeld	15	637 587	-
Sum kortsiktig gjeld		7 775 520	5 988 011
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		131 748 189	125 754 381

Rekneskap - Resultatrekneskap

	Notar	2000	1999
Driftsinntekter og driftskostnader			
Driftsinntekter		44 314 554	73 477 265
Andre driftsinntekter		911 796	
Sum driftsinntekter		45 226 350	
Forbruk av tenester(transport)		17 006 548	18 339 126
Løn og sosiale kostnader	7	5 280 736	5 915 070
Andre driftskostnader		11 042 930	15 380 063
Ordinære avskrivningar	1,4	8 054 537	9 236 684
Tap på krav	2	11 802	31
Sum driftskostnader		41 396 554	48 870 973
Driftsresultat		3 829 796	24 606 291
Finansinntekter og finanskostnader			
Utbytte frå aksjar andre selskap		3 300	12 000
Renteinntekter		2 734 141	4 078 558
Andre finansinntekter		876	
Renteutgifter		355	642
Andre finanskostnader		12 224	17 141
Netto finansposter		2 725 737	4 072 775
Resultat før ekstraordinære postar		6 555 533	28 679 066
Ekstraordinære kostnader			
Ekstraordinære avskrivningar	4	2 349 233	1 317 111
Årsoverskot		4 206 300	28 679 066
Overføring til anna eigenkapital		4 206 300	28 679 066

Rekneskap - Kontantstrømmoppstilling

	2000	1999
Kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar		
Resultat før skattekostnad	4 206 300	27 361 955
Periodens betalte skatt		
Ordinære avskrivningar	8 054 537	10 553 795
Ekstraordinære avskrivningar	2 349 233	
Gevinst ved sal av anleggsmidler	-901 796	
Endring i varelager		
Endring i kundefordringer og levrandskjeld	5 225 587	-888 470
Endringer i andre tidsavgrensningar	-119 743	11 536
Netto kontantstrøm frå o. aktivitetar	18 814 118	37 038 816
Kontantstrøm fra investeringsaktivitetar		
Innbetaling ved salg av varige driftsmidler	4 239 486	
Utbetaling ved kjøp av driftsmidler	-9 191 893	-23 535 691
Utbetaling ved kjøp av markedsbaserte aksjar	-50 000 000	
Endring i andre investeringar	-12 200 000	-2 069 472
Netto kontantstrøm frå i. aktivitetar	-67 152 407	-25 605 163
Kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar		
Innbetaling ved opptak av ny langsiktig gjeld		
Innbetaling ved opptak av ny kortsiktig gjeld		
Utbetaling ved nedbet. av langsiktig gjeld		
Utbetaling ved nedbet. av kortsiktig gjeld	442 073	-153 955
Netto endring i kassekreditt		
Utbetalinger av utbytte		
Netto kontantstrøm frå f.aktivitetar	442 073	-153 955
Netto endring i kontantar og bank	-47 896 215	11 279 698
Behaldning av kontantar, bank ol. ved perioden sin start(01.01.)	57 697 017	46 417 319
Behaldning av kontantar bank ol. ved perioden sin slutt(31.12.)	9 800 802	57 697 017

Tilleggsopplysningar

Kontanter og bank består av kasse og skattetrekkskonto.
Skattetrekkskontoen utgjør kr 250 200,-.

Rekneskap - Konsernbalanse

<i>Eigenluter</i>	<i>Notar</i>	<i>2000</i>	<i>1999</i>
Anleggsmidler			
<i>Varige driftsmidler</i>			
Tomtar		201 647	3 397 133
Maskinar og anlegg	4	49 404 434	49 994 691
Inventar og kontorutstyr	4	529 395	578 288
<i>Sum varige driftsmidler</i>		<i>50 135 476</i>	<i>53 970 112</i>
<i>Finansielle anleggsmidler</i>			
Andre aksjar	13	33 000	33 000
Markedsbaserte aksjar	14	51 500 000	
Forskottering vegar	12	18 869 472	8 669 472
<i>Sum finansielle anleggsmidler</i>		<i>70 402 472</i>	<i>8 702 472</i>
SUM ANLEGGSMIDLAR		120 537 948	62 672 584
Omlaupsmidler			
Kundekrav	2	6 267 743	9 447 240
Andre kortsiktige krav	2	191 085	109 396
<i>Sum krav</i>		<i>6 458 828</i>	<i>9 556 636</i>
Kontantar, bank	6	10 828 808	58 490 766
Sum omlaupsmidler		17 287 636	68 047 402
SUM EIGNELUTAR		137 825 584	130 719 987
Gjeld og egenkapital			
Eigenkapital			
Innskote eigenkapital			
Selskapskapital	9	173 030	173 030
Opptent eigenkapital			
Anna eigenkapital	8	124 478 684	120 083 494
Sum eigenkapital		124 651 714	120 256 524
Utsett skatt	15	178 180	222 580
Langsiktig gjeld			
Lån	3,5	3 522 277	3 157 392
Sum langsiktig gjeld		3 522 277	3 157 392
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		6 593 609	5 029 207
Betalbar skatt		155 000	
Skattetrekk, arb.gj.avg. mva, etc.		2 087 217	2 054 284
Anna kortsiktig gjeld		637 587	
Sum kortsiktig gjeld		9 473 413	7 083 491
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		137 825 584	130 719 987

Rekneskap - Konsernresultatrekneskap

	Notar	2000	1999
Driftsinntekter		53 820 394	80 221 449
Andre driftsinntekter	4	911 796	
Sum driftsinntekter		54 732 190	80 221 449
Varekostnad(transport)		18 019 772	19 504 050
Løn og sosiale kostnader		9 746 996	9 765 477,0
Ordinære avskrivningar	4	9 247 904	10 019 168
Andre driftskostnader		13 256 037	15 836 154
Tap på fordringar	2	68 714	50 036
Sum driftskostnader		50 339 423	55 174 884
Driftsresultat		4 392 767	25 046 565
<i>Finansinntekter og finanskostnader</i>			
Utbytte frå aksjar andre selskap		3 300	
Renteinntekter		2 781 648	4 127 735
Renteutgifter		296 381	285 810
Andre finanskostnader		26 310	23 080
Netto finansposter		2 462 257	3 818 846
Resultat før skatt og ekstraord. kostnader		6 855 024	28 865 410
<i>Ekstraordinære kostnader</i>			
Ekstraordinære avskrivningar	4	2 349 233	1 317 110
Skattekostnader	15	110 600	90 410
Årsoverskot		4 395 191	27 457 890
Overføringer:			
overført til anna eigenkapital		4 395 191	27 457 890
Sum overføringer		4 395 191	27 457 890

Rekneskap - Notater til rekneskapen

Note 1. Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslov og lov om ansvarlege selskap og kommandittselskap, lov om aksjeselskap og tilrådingar til god rekneskapskikk for små selskap.

Bankinnskott og krav som forfell innan eit år er klassifisert som omlaupsmiddel. Elles er eignelutane klassifiserte som anleggsmiddel.

Kundekrav

Kundekrav er ført opp i balansen som pålydande.

Aksjer i andre selskap

Aksjene er ført opp med historisk skaffekostnad.

Markedsbaserte aksjar

Markedsbaserte aksjar er vurdert til skaffekostnad i samsvar med rekneskapslova.

Varige anleggsmiddel og avskrivningar

Anleggsmidla er førte opp med historisk skaffekostnad og tilgang i år, med fråtrekk av avskrivningar frå tidlegare år og avgang i året. Det er brukt lineær avskrivning. Det er i 1999 og 2000 ført ekstraordinære avskrivningar.

Pensjonsskyldnad

Pensjonsansvaret til selskapet i høve til den ordinære tariffesta tenestepensjonsordninga er dekkja gjennom Kommunal Landspensjonskasse. Denne ordninga gir ein avgrensa yting i samsvar med tariffavtalen i kommunal sektor, og settar dei kriteriene for det som vert kalla tilskuddsplan. I samsvar med internasjonal praksis for slike planer er den årlige pensjonskostnaden som er ført i rekneskapen 2000 lik periodens innbetalte pensjonskostnad

I tillegg til den ordinære tariffesta tenesteordninga kjem yting av pensjon som er avtalt for dei mellom 63 og 64 år, frå 01.03.98 gjeld dette også for dei som er fylt 62 år. Desse ytelsane meiner partane i kommunal sektor er midlertidige, og ein trur dei vert endra i åra framover. Difor er dei ikkje inne i tenestepensjonsordninga., det er arbeidsgjevar som betalar dette tilskotet i prosent av pensjonsgrunnlaget. Utgiftene til desse ytelsene framover er svært usikre. For 2000 er utgiftene antatt å vera 0,35 % av pensjonsgrunnlaget.

Ordninga omfattar fast tilsette, engasjement og vikarstillingar og premien fordelar seg med 2 % på arbeidstakar og 9 % på arbeidsgjevar. I 2000 omfattar pensjonsordninga 24 personar.

Konsern

Konsernrekneskapet femnar morselskap og dotterselskapet, SIM Næring AS, der Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA eig 100 % av aksjane. Konsernrekneskapet viser konsernet sitt resultat og balanse som eit selskap. Interne transaksjonar og mellomverande i konsernet er skild ut.

Note 2 Kortsiktige krav

	SIM 2000	KONSERN 2000	SIM 1999	KONSERN 1999
Kundekrav	3 118 230	6 431 746	7 214 922	9 582 240
Avsett til tap på krav	-50 000	-175 000	-50 000	-135 000
SUM kundekrav, balanse	3 068 230	6 256 746	7 164 922	9 447 240

Uteståande mellom

	SIM 2000	SIM 1999
Konsernselskap		
Kundefordringar	1 575 806	1 254 260
Leverandørgjeld	320 804	89 200

Andre kortsiktige krav,

	SIM 2000	SIM 1999
balanse	5 800	-8 936
SUM krav balanse	4 649 836	8 410 246

	SIM 2000	SIM 1999
Realisert tap	11 802	28 714
- endring tap på krav	-	40 000
Tap på kundekrav, resultatført	11 802	68 714
	31	5 036
	-	45 000
	31	50 036

Note 3. Pant

	SIM 2000	KONSERN 2000	SIM 1999	KONSERN 1999
Pantelån		3 522 277		3 157 392
Bokførte eigneluter stilt som tryggleik for pantelån		3 913 058		3 117 502

Note 5. Lånetilsegn

SIM har kommunale garantiar på kr. 10 mill per 31.12.97, som det ikkje er teke opp lån for.

Note 4. Anleggsmidlar

	TOTALT INVENTAR OG KONTORUTSTYR	TOTALT MASKINAR OG ANLEGG	TOTALT SIM
SKAFFEKOSTNAD 1/1	kr 1 821 441	kr 86 804 644	kr 88 626 085
TILGANG	kr 386 167	kr 8 805 728	kr 9 191 895
AVGANG	kr -	kr 142 204	kr 142 204
SKAFFEKOSTNAD 31/12	kr 2 207 608	kr 95 468 168	kr 97 675 777

AKK.AVSKR. 31/12	kr 1 678 214	kr 50 004 131	kr 51 682 343
BOKFØRT VERDI 31/12	kr 529 394	kr 45 464 037	kr 45 993 433
ÅRETS EKSTRAORD. AVSKR.	kr -2 265	kr 2 351 497	kr 2 349 232

ÅRETS ORD. AVSKRIVING	kr 405 607	kr 7 648 931	kr 8 054 537
------------------------------	-------------------	---------------------	---------------------

	TOTALT BILAR	TOTALT UTSTYR	TOTALT KONSERN
SKAFFEKOSTNAD 1/1	kr 4 238 204	kr 192 571	kr 93 056 860
TILGANG	kr 1 095 000	kr 813 297	kr 11 100 192
AVGANG			kr 142 204
SKAFFEKOSTNAD 31/12	kr 5 333 204	kr 1 005 868	kr 104 014 849

AKK.AVSKR. 31/12	kr 2 180 701	kr 217 975	kr 54 058 744
BOKFØRT VERDI 31/12	kr 3 152 503	kr 787 893	kr 49 956 104
ÅRETS EKSTRAORD. AVSKR.	kr -	kr -	kr 2 349 232

ÅRETS ORD. AVSKRIVING	kr 1 059 999	kr 133 369	kr 9 225 630
------------------------------	---------------------	-------------------	---------------------

TOMTAR

SKAFFEKOSTNAD 1/1	kr 3 397 133
TILGANG	
AVGANG	kr 3 195 486
SKAFFEKOSTNAD 31/12	kr 201 647

AKK.AVSKR. 31/12	
BOKFØRT VERDI 31/12	kr 201 647

Tomt på Heiane industriområde er selt til bokført verdi kr 3 195 486,-.

Note 6. Bundne skattetrekksmidlar

Konsernet har bundne skattetrekksmidlar med kr 423 344

Note 7. Lønskostnader

I gjennomsnitt har det vore tilsett 14,5 personar i 2000

Spesifikasjon av lønskostnader	
Løn	4 076 914
Avgifter	555 978
Pensjon	284 589
Andre kostnader	363 255
Totalt	5 280 736

Inne i desse kostnadane er det løn til dagleg leiar med kr 371 440,- i løn/feriepengar.

Det er og betalt kr 30 400,- i pensjon for dagleg leiar og kr 93 988,- i styregodtjersle til styret.

I tillegg er det utbetalt kr 35 000 i honorar til revisor

Note 8. Eigenkapital

SELKAPSKAPITAL

Selskapet har ein interessekapital som medlemskommunane har betalt inn, etter folketale per 1.1.89. Den fordelar seg slik:

Austevoll kommune	14 850,00
Bømlo kommune	32 092,00
Fitjar kommune	10 260,00
Kvinnherad kommune	43 000,00
Stord kommune	48 014,00
Sveio kommune	15 180,00
Tynes kommune	9 634,00
Totalt	173 030,00

ANNA EIGENKAPITAL

Endringa av anna eigenkapital skuldast årsoverskot 2000.

	SIM	KONSERN
IB	119 593 340	120 083 494
Resultat 2000 (Internt utbytte)	4 206 300	4 395 190
UB	123 799 640	124 478 684

Rekneskap - Notater til rekneskapen

Note 9. Etterdrift

Det er i konsesjonen krav til etterdrift av fyllplass i 30 år, men det er ikkje krav til å setja av økonomiske midlar.

Note 10. Skatteplikt

I 1996 kom det varsel om skatteplikt for selskapet frå Fitjar Likningskontor. Dette er ikkje ferdighandsama enno, så det er ikkje teke omsyn til dette i rekneskapen.

Note 11. Forskoting av veg

Etter avtale med Fitjar kommune, skal SIM forskottera inntil 16,8 mill.kroner til veg.

Desse er no utbetalt, og vert klassifisert som finansielle anleggsmiddel.

Ved utbygging av Kvinnherad Miljøsentral inngjekk SIM ein avtale om å forskottera kostnader med veg på industriområdet med Kvinnherad kommune. Midlane skal tilbakebetaltast over 2 år.

Utbetalt forskot veg i Kvinnherad 1999	kr 2 069 472
Tilbakebetalast innan år 2002	kr 2 276 419

Differansen skal dekkja kostnader SIM har i samband med forskotteringa.

Note 12. Aksjar

I 1997 vart SIM Næring AS oppretta, dette er eit heileigd dotterselskap av Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA. Aksjekapitalen var då på kr 200 000,-.

I 2000 vart aksjekapitalen auka med 2 000 000,-, fordelt på 2 200 aksjar

Selskapet har og bokført aksjar i REKOM AS for kr 33.000,- fordelt på 66 aksjar à kr 500,-

Note 13. Markedsbaserte aksjer

Verdipapirfond

	SIM	KONSERN
Skaffekostnad	kr 50 000 000	kr 51 500 000
- urealisert gevinst per 08.01.01	kr 1 420 135	kr 1 433 947
Markedsverdi per 08.01.01	kr 51 420 135	kr 52 933 947

Note 14. Kortsiktig gjeld

Det er avsatt til Fitjar kommune for vidareføring av etterbruks- og miljøfond for år 2000, samt andre avsatte kostnader for år 2000.

Avsatt Fitjar kommune	kr 500 000
Anna avsetning	kr 137 587
Kortsiktig gjeld	kr 637 587

Note 15. Skatt i konsernrekneskapet

Skattekostnaden i konsernet består av:

Betabar skatt på inntekt i 2000:	155 000
Utsatt skatt	44 400
Skattekostnad	110 600

Rekneskap - Investeringsstabla

Oversyn over investeringar dei siste 5 åra. Kolonna for sal er vist der dette er aktuelt.	SIM 1996 Investering	SIM 1997 Investering	SIM 2000 sal	SIM 1998 Investering	SIM 1999 Investering	SIM 2000 Investering	SIM 2000 sal
Bilar	289 369	245 969		220 263			
Bilveker				108 249			
Maskinar	3 787 361	1 337 500	297 356	3 985 242	172 204	1 989 953	1 044 000
Konteinarar	1 984 478	972 276		893 857	2 173 217	227 353	
Avfallsbeholdarar	4 312 633	4 470 621		1 274 541	733 829	274 104	
Inventar	302 167	75 865		28 676			
Kontormaskinar	223 260	72 580		436 502	143 355	386 167	
Fyllplass	4 180 632	3 568 638		2 097 931	1 329 016	1 264 723	
Veg industriomr				270 000			
Miljøsentralar	106 186	1 691 906		4 104 969	14 237 170	3 468 074	
Eldøy		4 129 003					
Bygg	153 224	693 885		350 357	67 539		
Hytterenov.prøve					592 831	262 238	
Komposthall					4 086 529	1 319 283	
TOTALT	15 339 310	17 258 243	297 356	13 770 587	23 535 690	9 191 895	1 044 000

	KONSERN 1997 Investering	KONSERN 1997 Sal	KONSERN 1998 Investering	KONSERN 1999 Investering	KONSERN 2000 Investering	KONSERN 2000 Sal
Bilar	245 969		220 263		300 000	
Bilveker	-		108 249			
Maskinar	1 337 500	297 356	3 985 242	172 204	2 164 953	1 044 000
Vognog	1 482 711		1 524 173			
Komprimatorbil			1 231 320		620 000	
Konteinarar	1 004 376		893 857	2 173 217	828 438	
Avfallsbeholdarar	4 470 621		1 274 541	733 829	274 104	
Inventar	117 276		28 676			
Batteriboksar				40 950		
Kontormaskinar	72 580		436 502	143 355	386 167	
Fyllplass	3 568 638		2 097 931	1 329 016	1 264 723	
Veg industriomr			270 000			
Miljøsentralar	1 691 906		4 104 969	14 237 170	3 468 074	
Eldøy	4 207 113					
Bygg	693 885		350 357	67 539		
Hytterenov.prøve				592 831	262 238	
Komposthall				4 086 529	1 319 283	
Papirpresse					212 212	
TOTALT	18 892 575	297 356	16 526 080	23 576 640	11 100 192	1 044 000

2) Ein har no gått over til lineæravskrivning, for å gje eit betre bilete av restverdien på objektet. Endring av avskrivingsprinsipp har ført til ekstraordinære avskrivningar som er kostnadsført i 1999 og 2000 søm ekstraordinære avskrivningar

Desse anleggsmidla endra avskrivingsprinsipp i 1999:

* containerar	5 år
* bilveker	8 år
* inventar	8 år
* kontormaskinar	3 år
* bilar	5 år
* bygg	20 år

Skjema for anleggsmidla viser ekstraordinære avskrivningar.

Desse har fått endra avskrivingsprinsipp i 2000:

* Avfallsdunkar	5 år
* Maskinar	3 - 8 år
* Fyllplass	20 år
* Miljøsentralar	15 år
* Veg industriområde	15 år
* Vekt Eldøyane	7 år
* Investering Eldøy	15 år
* Inventar Eldøy	8 år
* Maskinar Eldøy	10 år

Rekneskap - Melding fra revisor

KOMMUNEREVISJONEN FOR SUNNHORDLAND

Kommunane Bømlo, Fitjar, Kvinnherad og Stord

Til
Representantskapet i Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA.

REVISJONSMELDING FOR 2000

Vi har revidert årsrekneskapen for Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA for rekneskapsåret 2000, som viser eit årsoverskot på kr. 4.206.300 for morselskapet og eit årsoverskot på kr. 4.395.191 for konsernet. Årsrekneskapen som er sett saman av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling, noteopplysningar og konsernoppgjær er avgjeve av selskapet sitt styre og dagleg leiar. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen, årsmeldinga og selskapet sine tilhøve, i samsvar med revisorloven sine krav.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk. Vi har planlagt og utført revisjonen for å oppnå tilstrekkeleg sikkerhet for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjonen omfattar kontroll av utvalde delar av materiale som er grunnlag for beløpa og den øvrige informasjonen i årsrekneskapen. Revisjonen omfattar også vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta og vesentlege estimat utarbeida av leiinga og vurdering av den totale presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad god revisjonsskikk seier det har vi gått gjennom selskapet si formuesforvaltning og intern kontroll. Vi meiner at vår revisjon gjev eit tilstrekkeleg grunnlag for vår uttale.

Vi meiner at:

- årsrekneskapen er utarbeida og fastsett i samsvar med lov og forskrift, og gjev eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2000 og for resultatet og kontantstraumane i selskapet i rekneskapsåret som stemmer med god rekneskapsskikk.
- leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentlig og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar.
- opplysningar i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om fortsatt drift og forslag til disponering av overskot er i samsvar med lov og forskrift og at opplysningane stemmer med årsrekneskapen.

Stord, 9. mars 2001.

Ørjan Vik

konst.distriktsrevisor


Adresse Postboks 65, 5401 Stord
Telefon: 53 49 66 06 - Telefaks: 53 41 36 38

Sigevassparametrar

Parameter	Eining	Snitt
pH		6,56
Leidningsevne	mS/m	277,42
Kjeldahl-N	mg/l	161,49
Ammonium	mg/l	144,89
Klorid	mg/l	168,18
KOF	mg/l	464,08
Kvikksølv (Hg)	µ/l	0,06
Bly (Pb)	µ/l	3,33
Kadmium (Cd)	µ/l	1,29
Jern (Fe)	mg/l	22,92
Krom (Cr)	µ/l	19,42
Kobbar (Cu)	µ/l	6,83
Natrium (Na)	mg/l	172,08
Bor (B)	µ/l	1055,25
Total fosfor (P)	mg/l	1,51
BOF	mg O ₂ /l	358,00
Hardleik	mmol/l	4,08
Arsen (As)	µ/l	18,93
Kalium (K)	mg/l	108,60
Sulfat	mgSO ₄ /l	128,23
Aluminium (Al)	µ/l	188,25
Sink (Zn)	µ/l	292,75
Nikkel (Ni)	µ/l	20,25
AOX	mg/l	0,20
Fenol	µ/l	177,50
Aromater	µ/l	206,85
PHA		0,03
Priority pollutants		0,00
PCB	µ/l	0,02

Årleg evalueringsrapport vert sendt til Fylkesmannen. Kvart fjerde år vert det gjort resipientundersøking i Stokksundet.

Den nye utgåva av Tysnes miljøsentral





Kjøttmeis



SIM

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA

Svartasmoget N-5419 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50
Telefaks: 53 45 78 60
E-post: sim@sim.as
Internett: [Http://www.sim.as](http://www.sim.as)
Foretaksnr.: NO 958 284 837 MVA